

Fra: Samson Øpstad [samson.opstad@nibio.no]

Til: Anne.Cathrine.Whist@tine.no [Anne.Cathrine.Whist@tine.no]; Randby Jens [Jens.Randby@fkra.no]; kristin.wibe@felleskjopet.no [kristin.wibe@felleskjopet.no]; josyrstad@gmail.com [josyrstad@gmail.com]; jon.gisle.vikan@bondelaget.no [jon.gisle.vikan@bondelaget.no]; Lars Peter Taule [Lars.Peter.Taule@bondelaget.no]; Finn Aasheim [Finn.Aasheim@bondelaget.no]; ajna.nystad@bondelaget.no [ajna.nystad@bondelaget.no]; Marianne Osmundsen Bø [Marianne.Osmundsen@bondelaget.no]; hfk@hfk.no [hfk@hfk.no]; Rogaland fylkeskommune [firmapost@rogfk.no]; fmmrpostmottak@fylkesmannen.no [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no]; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]; postmottak@trondelagfylke.no [postmottak@trondelagfylke.no]; fntpost@fylkesmannen.no [fntpost@fylkesmannen.no]; fmhopostmottak@fylkesmannen.no [fmhopostmottak@fylkesmannen.no]; fmrpostmottak@fylkesmannen.no [fmrpostmottak@fylkesmannen.no]; fmfipostmottak@fylkesmannen.no [fmfipostmottak@fylkesmannen.no]; fmnopost@fylkesmannen.no [fmnopost@fylkesmannen.no]; fmhepost@fylkesmannen.no [fmhepost@fylkesmannen.no]; 'fmsfBHH@fylkesmannen.no' [fmsfBHH@fylkesmannen.no]

Kopi: oddvarm74@gmail.com [oddvarm74@gmail.com]; Heidi.Bjonnes.Larsen@hfk.no [Heidi.Bjonnes.Larsen@hfk.no]; Sissel Bakke [Sissel.Bakke@rogfk.no]; Odd Arne Bratland [oddbra@trondelagfylke.no]; Ingeborg Lysne Mcevoy [Ingeborg.Lysne@sfj.no]; fmhoebs@fylkesmannen.no [fmhoebs@fylkesmannen.no]; Longva, Ottar [fmmrotlo@fylkesmannen.no]; fntlist@fylkesmannen.no [fntlist@fylkesmannen.no]; Berg, Liv-Edel [fmtrleb@fylkesmannen.no]; fmfimava@fylkesmannen.no [fmfimava@fylkesmannen.no]; fmnotau@fylkesmannen.no [fmnotau@fylkesmannen.no]; Hagen, Lars Martin [FMHELMH@fylkesmannen.no]

Sendt: 21.02.2019 09:59:52

Emne: Føresurnad om medverknad i prosjektfinansiering ved ny søknad Alternative dreneringsmåtar

Vedlegg: Orientering om arbeid ny prosjektsøknad Alternative dreneringsmåtar.docx 2019.docx

God dag

Til nokre av dykk har eg tidlegare meddelt at vi fekk avslag på søknaden *Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og redusert klimagassutslepp* som vart sendt inn 12.sept. 2018 under utlysinga *Forskingssmidlar for jordbruk og matindustri*. Nokre av dykk har tidlegare ikkje fått noko tilbakemelding om at vi fekk avslag

Etter å ha vore i kontakt med nokre av dykk og drøfta kva gjer vi no, tenkt noko på saka og sett på utlysingsteksten for utlysing i 2019 med søknadsfrist 10.april finn eg det kan vera rett å senda ny søknad. Det har vore førelagt Mats Høglind , som er ny avdelingsleiar i Fòr og husdyr som søknaden vil sortera under i NIBIO. Mats var i møte med TINE tysdag 5.februar, og melde tilbake at TINE vil støtta ein ny søknad med tema alternative dreneringsmåtar, med problemstillingar i skjeringspunktet agronomi-miljø. TINE har meldt at dei kan auka støtta noko i høve tilsagn gjeve i 2018, noko som er svært positivt då kostnadsramma er auka noko. Andre som eg har vore i kontakt med er m.a. Stiftelsen fondet for jord og myrundersøkelser, YARA, nokre av samarbeidsråda i landbruket og nokre FMLA.

Til søknadsrunden i 2019 med søknadsfrist 10.april er det ikkje runde med innsending av skissesøknad under utlysinga til Forskingssmidlar for jordbruk og matindustri. Det er opplyst om at søknadsskjemaet er litt annleis utforma , og som kan verka inn på korleis søknaden skal skrivast. Dette vert gjort kjendt i siste delen av februar.

Eg har i eit kortfatta vedlagt notat freista finna «knaggar» i utlysingsteksten som var lagt ut 27.01 som kan gje grunnlag for å søkja på nemnde utlysing med den tematiske vinklinga som førebels/så langt kan vera tenkjeleg for *Alternative dreneringsmåtar*--. Kan ein oppnå at alternativ drenering,-omgraving/profilering, gjev framsteg agronomisk,- som er synleggjort, og kan ha miljømessige fordeler som redusert utslepp av klimagassar; N₂O, CO₂, CH₄, der det særleg er viktig å få undersøkt- og dokumentert omfanget av utslepp av CO₂ ved metoden omgraving då det tidlegare ikkje er undersøkt. Vidare undersøkje potensialet for lagring av karbon i det pålagte laget med mineralmasse oppå omgravid myrjord, med grunnlag i eldre forsøksfelt som kan nyttast ved ny undersøkjing.

Drift av myrjord er ei utfordring, både agronomisk og miljømessig. –Ein del brukarar ulike stader i landet, m.a. Nordmøre/Romsdal, område på Helgeland, Grue og Våler i Hedmark, har gode praktiske erfaringar med omgraving av grunn- og mellomdjup myr, men metoden er lite underbygd av forskning m.o.t. å klårleggja miljømessige effektar som kan koma til nytte, særleg effekten på utslepp av CO₂. Dette punktet er i drøftingar vist til som uavklåra/lite dokumentert, og er etterlyst både frå landbruket og styresmakter.

Ved ein ny søknad er det trong for medverknad i finansiering frå landbruk, landbrukstilknnytta verksemd og regionar for å nå kravet om minst 20 % medfinansiering. Vi spør difor om de vil gje ei tilsvarande tilsegn om medverknad i prosjektfinsieringa som den de ga til prosjektsøknaden som vart sendt i sept. 2018, og som fekk avslag.

Det er bra om de kan gje ei tilbakemelding om korleis de stiller dykk til å vera med på ein ny søknad, og medfinansiering av prosjektet -vonleg med om lag same sum som i tilsegn i 2018. Førebels arbeidstittel; *Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp*. Fint om de kan gje tilbakemelding innan 15. mars.

Det er kort tid fram til 10.april, og eit omfattande arbeid å få til ein god søknad.

Innhald i søknaden, med vektlegging av tema er noko som vi drøftar i heile arbeidsfasen med søknadsskriving. Det som er nemnt/lista opp i vedlegget må de ikkje sjå på som fastlagt. Vi tek gjerne mot faglege innspel om det er noko de vil målbera.

Vi vonar at de ser arbeidet med eit slikt prosjekt som nyttig, og finn å kunna støtta det.

Venleg helsing
Samson L. Øpstad



Samson Øpstad

Forskar / Researcher

For og Husdyr NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi /
Norwegian Institute of Bioeconomy Research

Kontor/Office: Fureneset, 6967 Hellevik i Fjaler

E-mail: samson.opstad@nibio.no

(+47) 406 21 871

www.nibio.no